

| | | |
|---|----------------------|--|
|  | Skjåk kommune | Arkivsak: 2017/259-3 Arkiv: 150 Saksbehandlar: O.G. Aamodt Dato: 26.10.2017 |
|---|----------------------|--|

Saksframlegg

| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|------------|-------------------------------------|------------|
| 100/17 | Formannskapet Skjåk kommunestyre | 05.12.2017 |

Økonomiplan og budsjett 2018 - 2021

Saksdokument

- Økonomiplan 2018 – 2021
- Budsjettbok 2018

Saksutgreiing

Budsjettprosessen i Skjåk kommune for 2018 ble vedteke i kommunestyresak 21/2017.

Økonomiplan er delt i fire delar; overordna perspektiv, økonomi, medarbeidrarar og presentasjon av hovudområde. Rådmann og kommunalsjefar har skreve for kvart sitt hovudområde under punkt 4, presentasjon av hovudområde.

Budsjettboka inneheld både hovudoversiktar, rammer per ansvar og detaljbudsjett på drift og investering.

Vurdering

Budsjettvedtaket gjeld for 1 år med omsyn til løyingar. Det er budsjettoppstilling for 4 år.

Planer, mål, satsingar, utfordringar, tiltak, rammer, strukturelle endringar og økonomisk situasjon går fram av økonomiplan og budsjettbok.

I kommunen sitt investeringsbudsjett ligg det inne prosjekt for heile perioden 2018 – 2021. Det er ikkje inndekning for å gjennomføre alle investeringar i planperioden og gjennomføring og moglegheiter til finansiering må vurderast fortløpende.

Nye reglar frå 2014 krev at eldre løyingar skal gjentakast i budsjettet. Vi må derfor justere inn ubrukte midlar for eldre løyingar i budsjettet seinare. Dette blir gjennomført slik at investeringsprosjekta er innanfor ramma av tidligare løyingar og nye løyingar som kommunestyret har gjeve.

Låneopptak

- Det er behov for å ta opp 5 millionar kroner i startlån for å dekke utlån i langtidsperioden
- Det er behov for å ta opp 1,415 millionar kroner til utbygging, steg 3 skei tomteområde. Vi har ubrukte lånemidlar per 1 januar 2017 på 1,675 millionar og 1,195 millionar kroner er avsett på ubunde investeringsfond 2530103. Investeringskostnaden er stipulert

til 4,285 millionar kroner. Seinare refusjonar blir avsett og går til ekstraordinær nedbetaling av lånet.

- Når det gjeld HFF bustader, så må ein ta stilling til låneopptak etter at forprosjekt er ferdig.
- Det er førebels lagt inn 1 million kroner i sentrumsplan i 2018 og 3 millionar kroner i 2019 i investeringskostnad. Sentrumsplan må opp igjen som eiga sak før ein sett i gong arbeidet, slik at ein får avklart ekstern finansiering kontra eigenfinansiering og eventuelt lånepunktak.
- Låneopptak seinare i langtidsperioden blir vurdert opp mot handlingsregel og om det er rom for å betene avdrag og renter.

Rådmannen si innstilling

Skjåk formannskap tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2018 – 2021.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2018.
3. I medhald av egedomskattelova § 2 og 3, bokstav C, skal det i 2018 vidareførast utskriving av egedomsskatt på verk og bruk. I medhald av egedomsskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Egedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele avsette lønnsmidlar frå teneste 1809 til dei ulike ansvarsområda.
5. Rådmannen får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønnsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
6. Rådmannen får fullmakt til å regulere ubrukte midlar frå tidligare års løyvingar på investeringsprosjekt inn i investeringsbudsjettet for 2018.
7. Det blir innført egedomsskatt i heile kommunen frå 2020.
8. Det blir teke opp 5 millionar kroner i startlån i 2018 for å dekke utlån i langtidperioden.
9. Det blir teke opp lån til utbyggingssteg 3 Skei tomteområde med 1,415 millionar kroner.
10. Eventuelt lånepunktak til sentrumsplan og HFF bustader blir vurdert på nytt seinare.

Behandling i Formannskapet - 05.12.2017

Endringsforslag frå Skjåk Senterparti til budsjett 2018:

- Det skal arbeidast vidare for å nå eit budsjett med netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon i 2018 på 0% (**-2500000**) vedteke med 3 mot 2 stemmer
- Vi går ikkje inn for egedomsskatt på hus og hytter i Skjåk kommune. Samrøystes vedteke
- Bruk av næringsfondet til kommunal drift skal ned i løpet av 2018. Vedteke med 3 mot 2 stemmer
- Alle tilsette betaler kaffe med sjølvkost (**150000**). Samrøystes
- Kurs og opplæring, møter og konferansar bør takast ned mot nivå for 2017 pr område (**70000**). Samrøystes
- Vi går inn for å vidareføre kantinedrift på ungdomsskulen, men kostand og nivå må vurderast utan å krevje betaling av elevane. Elevane bør inkluderast i arbeidet og oppgåver med kantinedrift. Vedteke med 3 mot 2 stemmer
- Administrativ leiarstruktur og organisasjonskart skal opp til ny handsaming i løpet av 2018. Samrøystes
- Overflødige kommunale bustader blir lagt ut for sal . Midla blir avsett til ubundne investeringsfond(**2000000**). Samrøystes
- Det skal innførast betaling for praktisk bistand, BPA. Samrøystes

- Det skal i 2018 startast ein prosess for å slå saman KO og HO til KOO (**87000**). Samrøystes
- Ein prøver så langt det er råd å ikkje gå til oppseiling av fast tilsette. Politisk og administrativ leiing går i dialog med tillitsapparatet for å redusere bruken av lønna matpause i heile organisasjonen. Samrøystes

Endringsforslag frå Skjåk Arbeiderparti til budsjettet 2018

- Kutte kantina på Skjåk ungdomsskule. Nedstemt med 2 mot 3 stemmer
 - Informasjonsmedarbeider kuttes om den skal lønnas frå næringsfond. Nedstemt med 2 mot 3 stemmer
 - Levere eit budsjett i tråd med handlingsregelen etter vedtak i kommunestyret. Nedstemt med 2 mot 3 stemmer
- Investering
- Prioritere HFF i 2018 og byggetrinn 1 på Skjåkhallen i 2019. Samrøystes vedteke

Framlegg frå Formannskapet - 05.12.2017

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 med følgande endringar:
 - Det skal arbeidast vidare for å nå eit budsjett med netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon i 2018 på 0% (**-2500000**)
 - Vi går ikkje inn for eigedomsskatt på hus og hytter i Skjåk kommune.
 - Bruk av næringsfondet til kommunal drift skal ned i løpet av 2018.
 - Alle tilsette betaler kaffe med sjølvkost (**150000**).
 - Kurs og opplæring, møter og konferansar bør takast ned mot nivå for 2017 pr område (**70000**).
 - Vi går inn for å vidareføre kantinedrift på ungdomsskulen, men kostand og nivå må vurderast utan å krevje betaling av elevane. Elevane bør inkluderast i arbeidet og oppgåver med kantinedrift.
 - Administrativ leiarstruktur og organisasjonskart skal opp til ny handsaming i løpet av 2018.
 - Overflødige kommunale bustader blir lagt ut for sal . Midla blir avsett til ubundne investeringsfond(**2000000**).
 - Det skal innførast betaling for praktisk bistand, BPA.
 - Det skal i 2018 startast ein prosess for å slå saman KO og HO til KOO (**87000**).
 - Ein prøver så langt det er råd å ikkje gå til oppseiling av fast tilsette. Politisk og administrativ leiing går i dialog med tillitsapparatet for å redusere bruken av lønna matpause i heile organisasjonen.
 - Prioritere HFF i 2018 og byggetrinn 1 på Skjåkhallen i 2019.
2. I medhald av eigedomskattelova § 2 og 3, bokstav C, skal det i 2018 vidareførast utskriving av eigedomsskatt på verk og bruk. I medhald av eigedomsskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar. Samrøystes vedteke
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele avsette lønsmidlar frå teneste 1809 til dei ulike ansvarsområda. Samrøystes vedteke
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket. Samrøystes vedteke
5. Rådmannen får fullmakt til å regulere ubrukte midlar frå tidligare års løyvingar på investeringsprosjekt inn i investeringsbudsjettet for 2018. Samrøystes vedteke
6. Det blir innført eigedomsskatt i heile kommunen frå 2020. Samrøystes nedstemt

7. Det blir teke opp 5 millionar kroner i startlån i 2018 for å dekke utlån i langtidperioden.
Samrøystes vedteke
8. Det blir teke opp lån til utbyggingssteg 3 Skei tomteområde med 1,415 millionar kroner.
Samrøystes vedteke
9. Eventuelt låneopptak til sentrumsplan og HFF bustader blir vurdert på nytt seinare.
Samrøystes vedteke